

**BUSTADSTIFTINGA**  
**ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane**  
**Vie, 6807 Førde - org nr 874 979 392**

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
v/Ina Therese Sørfonden  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

Førde, 29.8.2014

**Sak 13/7820-66**  
**Endring i vedtekter.**

Vi syner til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 20. august. Her vert det orientert om sak 46/12 i fylkestinget. Bustadstiftinga kan ikkje sjå å ha vorte orientert om dette vedtaket tidlegare.

Styret i bustadstiftinga ved sentralsjukehuset vedtok på styremøte 29.4.2014 å starte endringar i gjeldande vedtekter. Dette skjedde etter at vi gjennom lengre tid har forhandla med Helse Førde om endringar i leigekontrakta. I møteprotokollen vart følgjande notert:

04/14 Endring av vedtektene i Stiftinga  
Med bakgrunn i at Helse Førde har meldt at behovet for større leiligheiter er mindre, må stiftinga sjå på moglegheiter til å leige desse ut til andre enn tilsette på sentralsjukehuset. Andre kan vere studentar og tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, eller andre. Tilsette ved sentralsjukehuset skal framleis ha høg prioritet, men omsynet til ei forsvarleg forvaltning av eigedomane tilseier endring i føremålet.

Styret er også indirekte blitt gjort kjent med at fylkeskommunen, ut frå eigarskapsmeldinga, ønskjer å overføre oppgåva med val av styrerepresentantar i stiftingane til styret i helseforetaket. - Når stiftinga endrar formål til også å omfatte studentar og tilsette ved Høgskulen eller andre, vil det vere naturleg at Førde kommune tek oppgåva med å utnemne styret i stiftinga. Aktiviteten til stiftinga vil etter dette i enda større grad enn tidlegare støtte opp om utviklinga i Førde-samfunnet. Med dette som bakgrunn, er det laga framlegg til endra vedtekter som låg ved innkallinga til styremøtet.

Styret såg på endringane som naudsynte ut frå utviklinga som har skjedd, og godkjente samrøystes framlegget til endringar. Førde kommune skal kontaktast for å få ei godkjenning om dei vil ta oppgåva med å utnemne styremedlemmer. Deretter må fylkeskommunen gje fråsegn til endringane i vedtektene, før Stiftingstilsynet godkjenner endringane. Deretter kan dei nye vedtektene sendast til Brønnøysund-registera.

Arbeidet med å endre vedtektene er ikkje fullført, då stiftinga ventar på ei tilbakemelding frå fylkeskommunen. Ein kopi av dette brevet ligg vedlagt. Stiftinga ved sentralsjukehuset vil måtte søkje juridisk bistand før endeleg utforming av dei nye vedtektene. Å nytte felles bistand frå fylkeskommunen kan vere nyttig for alle stiftingane, men vedtektene kan vere ulike.

Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset har eit styrevedtak på at Førde kommune bør velje styremedlemene. Dette meiner vi er viktig ut frå habilitetsomsyn. Etter samtaler med Stiftingstilsynet er styret opptekne av at ein på lang sikt utfører ei forsvarleg forvaltning av verdiane, og det må ivaretakast gjennom vedtektene, også med tanke på kven vel medlemmer til styra.

Det har ikkje vore høve til å halde eige styremøte på dykkar forespurnad.

Med helsing  
Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane  
Ivar Svensøy  
Styreleiar